



ÅRSMELDING FOTBALLGRUPPA 2019



Innhold

Organisasjon 2019	3
Aktivitet	3
Deltaking på KM Futsal	5
Kretslag/sonelag:	5
Andre aktiviteter:	5
Deltaking på turneringar	5
Trenarar og lagleiarar	6
Andre sportslege tiltak i eigen klubb	6
Trenarar	6
Kurs/møter	6
Kvalitetsklubb	6
Informasjon	7
Anlegg	7
Dommarar	8
Utstyr	8
Sponsorar	8
Heidersteikn	9
Rekneskap 2019	9
Oppsummering av året og vidare framover!	10
Fair Play 2019	11
Herrer, 4.div Kretsligaen	11
4.divisjon kvinner	13
Gutelaget G15/17 (11'ar lag)	14
Smågutar G13-14	16
Gutar 12	20
Guttar 11 (2008)	22
Gutar 10 (2009)	23
Jentelaget J15/17 7ar/9ar	24
Småjenter 2005 - 2006	25
Jente 12 (2007)	26
Jenter 08, 09 og 2010	27
Miniputt	28
Oversikt trenarar og lagleiarar:	29

Organisasjon 2019

Styret i fotballgruppa		Andre verv	
Leiar	Magna Vangsnes	Materialforvaltar	Elin Falkgjerdet
Nestleiar	Birte Andersen	Anleggsansvarleg	Svein Jarle Skårhaug
Sportsleg leiar	Steinar Røysum	Dommarkontakt	Birte Andersen
Arrangement	Linda Fossberg	Kioskgruppe	Gerd Ingrid Strong
Barn/Ungdom	Kitty Renate Krosshaug		Wenche May Strong
Senior	Erlend Husabø		Linda Fossberg
Miniputt	Frode Danielsen	Sportsleg utval	Steinar Røysum
Økonomi	Torill Skårhaug		Jan Tore Slinde,
			Lina Lunde Christensen
Valnemnd	Trude Risnes		Kitty Krosshaug
	Rune Henjesand		Stein Vangsnes
	Birte Andersen	Miniputtgruppe	Frode Danielsen
			Linda Fossberg
			Mari Buene
			Anja Hamre
			Birte Andersen

Styret og valnemnda er valde av årsmøte. Leiar og nestleiar vert formelt valde på årsmøte i hovudlaget.

Styret i Syril Fotball har hatt 10 styremøte, og handsama tradisjonelle styresaker.

Det er utarbeidd omtale av rollar og arbeidsoppgåver i fotballgruppa og rekrutteringsplan. Desse ligg på www.syril.no. Organisasjonen har fungert godt, og mange har lagt ned ein stor innsats.

Styremedlemmane med fleire har delteke på diverse møter i kretsen. Fair play rapport for 2019 er levert til kretsen.

Aktivitet

Påmelde lag sesongen 2019

1 senior dame 7år	1 seniorlag herre 4. divisjon
1 J15/17 11-ar (7'ar)	1 G15/17 11år
1 J13/14 9år	2 G13/14 9-ar
1 J12 9-ar 2 J0 5-ar	1 G12 9-ar 1 G11 7-ar 1 G10 5-ar 1 G9 5-ar
Sum 6 lag (60 spelarar)	Sum 8 lag (103 spelarar)
Miniputt (72 spelarar)	
Jenter 7 lag	Gutar 10 lag
Totalt 31 lag - 235 aktive spelarar	

Det er 235 aktive spelarar (72 stk. i alderen 6-9 år og 163 aktive frå 10 år og eldre). 482 personar er registrert som tilhøyrande fotballgruppa i medlemsregisteret i Syril.

Vel 60 personar har vore med som trenarar og lagleiarar for dei ulike laga (sjå oversikt sist i årsmeldinga), og vi har 13 dommarar. Undervegs i året har styret oppretta fleire undergrupper (dommargruppe, seniorgrupper, jentegruppe) Det vert då fleire som involverer seg i drifta, bidra rundt lag og dommarane og vere med å skape aktivitetar. Vi håpar å unngå at arbeidsmengda vert for stor for den enkelte.

Syrl har god deltaking av lag på aldersbestemt nivå i høve tal på innbyggjarar, og vi er nøgde med at vi har lag i dei fleste årstrinn, både gutar og jenter. Vi deltok med 14 lag i serien og ca. 17 miniputtlag (for miniputtane vert seriekampane avvikla i form av Kongleriketturneringar). Frå 2019 vart 3'ar fotball speleforma for 6-7 åringane.

Laga våre har spelt 232 seriekampar i 2019. Det er dermed avvikla ca. 115 seriekampar på baneanlegga våre denne sesongen, i tillegg til turneringar og treningskampar.

I årsrapportane til dei enkelte laga som ligg etter styret sin årsrapport er det meir om laga sin aktivitet gjennom året.

Det har vore mange gode prestasjonar gjennom året. Vi gratulerer jentelaget med Kretsmeisterskapet i 9-ar, J13 som Kretsmeister i Futsal, J14/13 som tok 3.plass i A-sluttspelet under Norway Cup og flotte resultat under Ål Cup og Voss Cup for laga som deltok her. Seniorlaget på herresida takla steget opp i 4.divisjon, og er klar for ein ny sesong i divisjonen.

Sportsleg sett har det vore god utvikling for lag og spelarar. Trenarar, lagleiarar og støtteapparat elles har lagt godt til rette, både sportsleg og sosialt.



Jentelaget vart kretsmeister

Deltaking på KM Futsal

Vi deltok på KM Futsal - Innleiande runde vart spelt i Saften. J13, G14 og G15 vidare til sluttspillet i Sandane. Her gjekk J13 heile vegen og vart Kretsmeister.

Kretslag/sonelag:

I 2019 har mange spelarar frå Syril deltatt på sonetiltak, i tillegg har fleire av desse vorte tatt ut vidare til krets- og teamlag samt Sognekraftakademiet.

Det er inngått samarbeidsavtale med handballgruppa, med m.a. køyrereglar for bruk av spelarar som er aktive i begge idrettane. Målet er at vi legg til rette slik at ungdom kan drive med både fotball og handball, og ikkje sluttar i ung alder.

Andre aktivitetar:

Følgjande arrangement (i tillegg til vel 230 seriekampar) vart gjennomførde i 2019:

- **Futsaltturnering 10-14 år** 13.januar
- **KM Futsal innleiande runde 13-19 år** 1.-2.februar
- **TINE fotballskole** (for 8-12 år) 12. - 15.august
 - Deltakarar: 53 stk. (20 jenter og 33 gutar)
 - Seniorlaga hadde hovudansvar for instruksjon, med god hjelp av spelarar frå dei eldste aldersbestemte laga.
- **Intern miniputtturnering** 17.august
 - Vi arrangerte ikkje Kongleriketeturnering i år, men laga ein internturnering. M.a. for at nye dommarar skulle få kamptrening.
- **Fotball Laurdag** 24.august
- **Kurs i skadeførebygging i Saften** 28.april (i lag med handball) med Elise Thorsnes og Gunnvor Halmøy som rettleiarar
- **Fotballavslutning** for senior og lagleiarar/trenarar og andre støttespelarar, i tillegg har alle aldersbestemte lag hatt egne avslutningar.

Deltaking på turneringar

Syril deltok på:

- Ål Cup
- Voss Cup
- Norway Cup
- Lærdalsturneringa
- Jentefotballens dag Kaupanger
- Gutefotballens dag Kaupanger
- Eat Move & Sleep Cup i Sogndal.



Som tidlegare, dekkja Syril påmeldingsavgift og reisekostnader for 14-åringane som deltok på Norway Cup. Styret ynskjer å legge til rette for at 15-17 åringane deltek på turneringar og yter inntil 5000,- i reisetilskot. Styret oppmodar laga til å delta på turneringar og andre sosiale aktivitetar, då vi trur dette bidreg til trivsel og engasjement.

Trenarar og lagleiarar

For aldersbestemt og miniputt var dei fleste trenarar og lagleiarar på plass til sesongen starta. Det er eit stort apparat der foreldra spelar ein viktig rolle.

Sportsleg leiar/ansvarleg for aldersbestemt arrangerte oppstartsmøte i april, evalueringsmøte undervegs i juni og etter sesongen i slutten av oktober. Dei har og prioritert å delteke på foreldremøta på våren, m.a. med fokus på gjennomgang av relevante deler av sportsplan og Fair Play.

Møta er ein viktig arena for å formidle informasjon, utvikle klubbkultur og diskutere aktuelle problemstillingar. Sportsleg leiar eller kontakt aldersbestemt har i tillegg delteke på møter med dei ulike lag etter forespørsel. I tillegg har det vore møter i sportsleg utval.

Andre sportslege tiltak i eigen klubb

Etter kampsesongen i haust fortsette mange av laga å trena både ute og futsal, her var det samtrening mellom dei ulike kulla.

I høve Sognekraftakademiet sin trening på Syril stadion gjennomført dei eit trenarforum med våre trenarar, ein samtale del samt såg på treningsøkta som dei hadde etterpå.

Trenarar

Det vart gjennomført Grasrottenarkurs- Del 2, 8 stk. gjennomførte kurset. Vil prøve å få gjennomført Grasrottenarkurs-Del 3 og Barnefotballkveld i mars/april 2020. Det er viktig at nye trenar som kjem inn som trenarar på miniputt tar Grasrottenarkurset-DEL 1. Vi vil oppfordra alle våre trenarar til å gjennomføre Grasrottenarkurset. Trenarutdanning er eit viktig utviklingstiltak som Syril som klubb vil prioritera framover. Det har ikkje lukkast å få på plass trenarrettleiar i klubben, det må vi framleis jobbe for å få på plass. Ein trenarrettleiar vil vera ein god støtte for alle våre trenarar.

Kurs/møter

- Grasrottenarkurs del 2, 8 deltakarar.
- NFF Klubbutvikling og klubbdrift del 1 på Leikanger 30.mars. 3 deltakarar frå Syril
- Klubbdommarkurs
- Kvalitetsklubbhelg i Flåm, 3 deltakarar frå Syril
- Fotballtinget, 2 deltakarar frå Syril
- Fair-Play-Kickoff, 1 deltakar frå Syril
- Sonemøte Krets
- Lagleiar møter Krets

Elles har styret med fleire i delteke på diverse møter i regi av kretsen

Kvalitetsklubb

Fotballgruppa jobbar med å bli sertifisert som Kvalitetsklubb. Målet er å utvikle fotballgruppa slik at ein jobbar målretta og har gode rutinar i høve aktivitet, organisasjon, kompetanse og verdiar. Dette skal gi grunnlag for god drift, at det er attraktivt å ha verv i Syril og at kvaliteten på fotballaktiviteten vert god for alle. Sportsplan, rekrutteringsplan og rolleskildringar er på plass.

Krav som ikkje er oppfylt er m.a. krav om trenarrettleiar og det vantar noko formell trenarkompetanse i enkelte årstrinn. Vi håpar å ferdigstille søknaden i 2020. Det må jobbast med verdier, klubbhandbok, trenarkurs og trenarrettleiar.

Dugnader

- Rigging og rydding i samband med Leikangerfesten i november
- Avvikling av arrangement som Futsalturnering, KM Futsal, Fotballsøndag, Lokal miniputtturnering
- TINE Fotballskule
- Vask og rydding av kiosk
- Dugnad på kunstgrasbana og grasbana
- Køyning av blomster før jul
- Adventskalender (i lag med Handballgruppa)
- Kjerding Open - vakter på 3. og 4. etappe
- Rivingsarbeid friidrettsbana/grasbana

Drifta av laget er basert på dugnadsinnsats, stor takk til alle som bidreg til fellesskapet på ein eller anna måte. Det er ei målsetting at treningsavgiftene ikkje vert for høge og dugnadsarbeid er viktig for å unngå det.

Informasjon

- www.syril.no.
- Mykje informasjon vert lagt ut på Syril sine nettsider og Facebook- side. Send e-post til nett@syril.no så vert info lagt ut.
- I tillegg kan informasjon leggst ut på Syril si Facebook side.

Anlegg


Kunstgrasbana/stadion er eit viktig sosialt samlingspunkt i bygda. I tillegg blir kunstgraset ved ungdomsskulen og mykje brukt til 5'ar kampar og trening for miniputtane om våren før grasbana er klar. Før grasbana kan takast i bruk for trening om våren er det til liten plass. På og ved kunstgrasbana er det gode tilhøve. Syril disponerer 4 stk. 3'ar baner.

Det har ikkje vore vintervedlikehald på kunstgrasbana, og bana kunne takast i bruk i slutten av februar 2019. Det vart leigd 4 timar treningstid i Sognhallen i januar/februar. Hausten 2019 var det gode tilhøve på bana fram til jul.

Leige av Leikangerhallen har fungert, men det er ikkje nok treningstid til at alle fotballag får plass. Vi har eit godt samarbeid mot handballen slik at ledige timar vert utnytta. Nokre lag nyttar ungdomsskulen på vinterstid.

Djuprens av kunstgrasbana vart utført i juni, og laga hadde ansvar for å rydde på/ved kunstgrasbana kvar si veke i sesongen. Det vart installert granulatfilter i kummane ved bana. Sparebanken Sogn og Fjordane sponsar slike filter.

Det er utarbeidd planar for oppgradering av friidrettsstadion og grasbana. Arbeidet er planlagt starta i mars 2020. Etter utbygging vert det maksimalt plass til 9'ar bane på graset. Det vert eit felt med kunstdekke plass til 3'ar baner.



Plan for oppgradering av friidrettsstadion og grasbane

Utstyr

Ballrommet ved barneskulen fungerer godt. Kwart lag har sitt eige utstyr som ballar, vestar, kjepler, drakter og medisnutstyr innelåst i kvart sitt «bur» inne i ballrommet. Alle lag får utlevert utstyr ved sesongstart og dei set det på plass igjen etter sesongslutt. Gjennom sesongen blir det supplert etter behov.

Alt av utstyr blir kjøpt inn på Røysum Sport1. Røysum Sport1 sponsar Syril fotball med drakter.

Hjartestartaren i ballrommet er reparert og fungerer.

Dommarar

Ved sesongstart hadde Syril følgjande dommarar: Jan Arild Rømmen, Jarle Andersen, Adrian Husabø Thue, Gunvor Hamre Nornes, Amalie Dimmen Henjum, Simen Ylvisåker von Porat, Sindre Asperanden Navarsete, Lukas C. Sjøthun, Alexander Saltnes Slinde, Vilde Sørsum, Pia Krosshaug, Sarah G. Røysum og Ingeborg Knudsen Berg.

I tillegg har Thor Kristian Sortevik stilt opp som dommar, og elles ved behov i forhold til oppfølging av dommarane våre.

I august hadde me klubbdommarkurs. Følgjande deltok på kurset: Nickolas Fossberg, Oskar Flatabø Kleiven, Erlend Helset Fardal, Gard Christensen Stokkenes og Andreas Hagheim Barsnes. Jarle Andersen leia kurset.

Sponsorar

Det er jobba med å få inn sponsorar. Vi er svært glade at det er inngått avtalar med Eilert & Edvin Holme AS, Leikanger Auto, Toyota Sogn, Sogningen Amfi, Villmarka, Solberg el-service og Josvanger Elektro.

Heidersteikn

Sogn og Fjordane Fotballkrets delte ut heidersprisar på fotballtinget, og 5 personar frå Syril fekk velfortent heider for lang og særskild god innsats for fotballen.

- Jarle Andresen - Honorært leiarstipend
- Mette Stokkenes- Grønt merke
- Gro Linde- Blått diplom
- Stein Vangsnes- Blått diplom
- Rune Henjesand - Blått diplom



Det er gjort ein stor jobb med få oversikt over trenarar og andre som har hatt tillitsverv i Syril.

Rekneskap 2019

Førebels rekneskap viser eit underskot på kr 22.000,-.

Fotballgruppa har hatt mindre kioskinntekter enn budsjettert, avvik på 50.000,- mot budsjett. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje fekk arrangert miniputtturnering. Dette fordi det var planlagt oppstart med nytt friidrettsanlegg i 2019. Klubben fekk inntekter frå FIFA etter VM 2019 for kvinner, på kr 35.131,- Dette fordi Elise Thorsnes tilhørte Syril tidlegare. Samla har vi ei meirinntekter på kr 4.500,- samanlikna med budsjett.

Samla kostnader er kr 26.500 over budsjett. Budsjett for kostnader til kontingent og andre lisensar til kretsen har vore urealistisk lågt i 2019, og derfor eit avvik på kr 60.000,- I tillegg har vi hatt høgare kostnader til halleige enn budsjettert. Budsjett var basert på kostnadane i 2018, men då var ikkje leige fordelt på undergruppene. Vi har eit mindreforbruk på utstyr på kr 90.000,-.

Treningsavgifter i 2019:

- | | |
|-------------------------|-------------------------|
| • Senior herrar | kr. 3 300 (endra 2019) |
| • Senior damer | kr. 1 650 (endra 2017) |
| • Aldersbestemt | kr. 1 650 (ny 2015) |
| • Aldersbestemt 9-10 år | kr. 600 (nytt frå 2014) |
| • Miniputtfotball | kr. 500 (ny 2015) |

Vi vil minne om medlemskap i Syril. Dette mellom anna for at forsikrings-ordninga er knytt opp mot gyldig medlemskap. Er ikkje medlemskapen i orden kan ikkje vedkomande spele kampar då laget har eit direkte ansvar for dekning av skader utanom forsikringsordninga. (rev. 18.02.2020)

Oppsummering av året og vidare framover!

Fotballgruppa engasjerer mange born og unge, og det er eit stort apparat med frivillige som bidreg. Dette er viktig å ta vare på. Det er mange dyktige trenarar/lagleiarar som stiller opp fleire gonger pr. veke, og gjer ein flott innsats for bygda og fotballaktiviteten.

Det vart gjenoppretta Jentegruppe i 2019, og det har vore jobba for å få til 11-lag for senior damer. Dette ser ut til å lykkast, og vil bli eit viktig tilbod på jentesida.

Det er stor skilnad på tal aktive fotballspelarar i dei ulike årskulla. Godt samarbeid mellom laga er viktig for at vi kan stille med så mange lag og for å gje eit godt tilbod til alle. Som i mange klubbar er fråfallet stort i ungdomsfotballen, og her bør klubben sjå om det er tiltak eller tilbod som kan få ungdommane til å delta lengre.

Vi har fått i stand avtalar med fleire sponsorar, dette vil gje viktige bidrag til drifta i fleire år framover.

Styret føreslår at ein i 2020 m.a. jobbar vidare med:

- Revisjon sportsplan, inkl. samordnast med andre dokument som Klubb handbok og Rollebeskrivingar
- Plan med forventning til kva ferdigheiter dei ulike alderstrinn skal gå igjennom, samt døme på øktplanar for ulike årstrinn.
- Arrangere Barnefotballkvelden og trenarkurs før start sesong
- Arrangere 3-4 trenarforum
- Trenarkoordinator
- Felles oppstartsmøte før seriestart
- «Vårslepp» Arrangement på bana – kampar mellom ungar og vaksne – aktivitetar – open bane - kanskje samling for dei vakse på kvelden – grilling osv. Mål: Sosialt både for vakse og unge, inkludering, moro på bana.
- Ferdigstille 1.versjon av Klubbhandbok med rutinar, verdiar mm.
- Synleggjere Fair Play –for alle i Syril
- Fair Play holdningskontraktar for aktive og trenarar/lagleiarar
- Sponsorar
- Felles kleskolleksjon

Vi oppfordrar til at enno fleire deltek på trenar/leiarkurs.

Oppgradering av friidrettsstadion og grasbane startar truleg i mars, og vil medføre at grasbana ikkje vert tilgjengeleg denne sesongen. Det vert meir utfordrande å få plass til alle treningsgruppene.

Styret ynskjer velkommen forslag til tiltak, oppgåver ein bør ta tak i og elles innspel til korleis fotballgruppa kan bli betre. Møt opp og gje innspel på evalueringsmøte, oppstartsmøter og andre fora, eller ta direkte kontakt.

*Styret takkar **alle** i SYRIL si fotballgruppe - utøvarar, dei med verv, dugnadsgjeng, kakebakarar, kioskvakter, heigjeng m.v. for ein framifrå og stor innsats i 2019. Vidare ønskjer vi å takke næringslivet for aktiv deltaking – sponsorstøtte er uvurderleg. Sogn og Fjordane fotballkrins har vore gode støttespelarar for gjennomføringa av sesongen. Til slutt ein takk til Leikanger kommune for samarbeidet!*

VEL MØTT TIL NYTT ÅR OG NY SESONG!

Leikanger 25. januar 2020

Styret i fotballgruppa

Fair Play 2019

Overordna: Ansvar for å koordinere Fair Play tiltak i klubben og bruke Fair Play programmet som rettleiar. Ansvar for å klubben sin strategi på området.

Oppgåver:

- Følgje opp at Fair Play er med i sportsplan, handbok, heimesida og andre dokument der det er naturleg
- Sørge for at rutinar for kampavvikling blir følgt med mellom anna Fair Play møtet før kamp
- Informere om kampvert
- Foreldrevettreglar - sørge for at desse blir delt ut til alle lag og er lett tilgjengeleg i klubben sine lokale og heimeside
- Engasjere foreldra rundt laga til å ha fokus på Fair Play
- Bestille Fair Play effektar
- Sjå til at anlegget har Fair Play preg
- Bistå ved Fair Play kveldar i klubben
- Fair Play diplom
- Fair Play kontrakt
- Bistå lagleiarar og trenarar ved konkrete episodar
- Motivere til å bli kretsen sin Månadens Fair Play
- Skal vere bindeledd mellom styret og laga
- Skal ha kommunikasjon med krets og delta på møter i kretsregi

Fair Play ansvarleg har delteke på Fair-Play-Kickoff i regi av kretsen i forkant av sesongen.

Fair Play skal vere tema på foreldremøte i forkant av sesongstart, rolla som kampvert er gjort kjend for alle lagleiarar, og informasjon om foreldrevettkort er sendt ut til lagleiarar. Informasjon om månadens Fair Play som kretsen kårar utifrå innmelde kandidatar er sendt ut til alle lagleiarar kvar månad. Vi sende inn eit forslag i 2019, denne vann månadens Fair Play pris. I tillegg er det sendt Fair Play rapport til kretsen etter endt sesong.

Vidare arbeid:

Det er ynskjeleg med Fair Play kapteinsbind for alle lag frå J/G 13/14 og oppover. Det er ynskjeleg å innføre utdeling av Fair Play pris for senior. Det er eit mål å utarbeide handlingsplan for brot på Fair Play. Det er eit mål å innføre Fair Play haldningskontrakt for alle spelarar. Det er eit mål at Fair Play skule skal gjennomførast av bestemt årskull kvar sesong.

Birte Andersen -Fair Play ansvarleg-

Herrar, 4.div Kretsligaen

Spelarstallen: Adrian Husabø Thue, Aleksander Langeteig, Anders Magnus Elde Walaker, Anders Lunde Hjeltne, André Thorsnes Talle, Brage Navarsete, Bård Henjum, Cornelis Erstad, Daniel Fossberg, Eirik Husabø, Eivind Røysum, Gard Grinde, Helge Gjerde Eggum, Håkon Orrestad, Ingemår Fosshagen, Jon Skjerdal, Kjetil Rørstad Nordvik, Magnus Risnes Wolff, Marius Midtun Aaberge, Morten Mangerøy Helland, Ole-Morten Söderholm, Ole Morten Kvam, Olav Andersson Haugen, Per Eirik Lunde, Robert Husabø, Thomas

Sætre Veum, Tom-Rune Sæle, Steinar Henjum, Olav Henjum, Stian Sælid Njøs, Sondre Loftesnes, Espen Røysum og Sondre Söderholm



Dei fleste av spelarane var med gjennom heile sesongen. Nokre var med halve eller deler av sesongen. I tillegg var det med nokre hospitantar frå G15/17

Trenar: Jan Tore Slinde

Assistenttrenar: Stian Nilsen Nornes

Materialforvaltar: Trond Henjum

Lagleiar: Marianne Husabø

Treningar: I januar – medio februar var det lagt opp til fotballtrening/sirkeltrening i Leikangerhallen måndagar og onsdagar. I tillegg so var det 3 treningar i Storhallen + nokre få utetreningar.

Starta for fullt med treningar på kunstgraset 18.februar. Hadde i hovudsak treningar måndag, tysdag og torsdagar gjennom heile sesongen fram til sesongslutt 12.oktober. 3 veters treningsopphold i juli.

Treningskampar:

Laurdag 9.februar borte mot Studenspretten tap 0-7

Torsdag 28.februar heime mot Sogndal 3 seier 6-1

Torsdag 7.mars heime mot Kaupanger seier 6-1

Fredag 15.mars heime mot Søfteland tap 1-5

Torsdag 21.mars heime mot Årdal seier 6-1

Torsdag 28.mars borte mot Høyang uavgjort 3-3

Torsdag 4.april heime mot Balestrand uavgjort 2-2

Torsdag 11.april heime mot Vik

Fotballfest: fredag 15.november var det fotballfest i Skyttarhuset for alle som er involvert i Syril fotball + spelarane på seniorlaga.

Tabellen etter sesongslutt:

Plass	Lag	Kamper	Hjemme				Borte				Total					Poeng
			V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	V	U	T	Mål	Diff	
1	Årdal	22	11	0	0	56 - 15	9	0	2	31 - 13	20	0	2	87 - 28	59	60
2	Førde	22	9	1	1	34 - 6	9	0	2	38 - 9	18	1	3	72 - 15	57	55
3	Eid	22	9	1	1	52 - 15	4	5	2	32 - 17	13	6	3	84 - 32	52	45
4	Studentspretten	22	6	2	3	17 - 13	5	4	2	20 - 13	11	6	5	37 - 26	11	39
5	Stryn	22	9	0	2	37 - 19	3	2	6	17 - 27	12	2	8	54 - 46	8	38
6	Kaupanger	22	4	3	4	23 - 29	5	1	5	23 - 30	9	4	9	46 - 59	-13	31
7	Tornado Måløy	22	5	0	6	29 - 27	4	1	6	21 - 24	9	1	12	50 - 51	-1	28
8	Høyang	22	5	4	2	26 - 15	1	1	9	14 - 35	6	5	11	40 - 50	-10	23
9	Syril	22	2	2	7	21 - 36	3	1	7	15 - 41	5	3	14	36 - 77	-41	18
10	Bremanger	22	4	1	6	18 - 20	1	0	10	11 - 35	5	1	16	29 - 55	-26	16
11	Dale	22	3	1	7	11 - 25	2	0	9	13 - 38	5	1	16	24 - 63	-39	16
12	Flørø 2	22	3	1	7	11 - 29	0	1	10	14 - 53	3	2	17	25 - 82	-57	11

4.divisjon kvinner

Spelarstallen: Amalie Dimmen Henjum, Helene Risnes Wolff, Inghild Skjelbred, (Kristine Røyseth), (Lina Lunde Christiansen), Linda Strand, Marianne Steinsøy, Mette Stokkenes, Oline Kleiven, Silje S. Nedrehagen, Therese Foss, Tone Sætrene Hellebust, Vilde Jacobsen, (Hilde Katrine Engeli), Gunvor Hamre Nornes, Hildegunn Høgheim.

Trenar: Sven Eirik Heggstad

Assistenttrenar: (Steinar Henjum)

Lagleiar: Hildegunn Høgheim

Treningar: I januar, februar og byrjinga av mars var det lagt opp til speltreningar i gymsalen ved Leikanger Ungdomsskule, for dei som ynskde det. Ved midten av mars byrja utetreningane på Syril Stadion, på søndagar og torsdagar. Me prøvde å samkøyre trenar med jentelaget, men lykkast ikkje fullt og heilt med det. Fekk nokre treningar/øktar der me spelte mot kvarandre, som førebuing til sesongstart/kampar.

Gjennom heile sesongen var det 2 treningar pr. veke, med opphald frå midten av juni til byrjinga av august.

Sosialt: I løpet av sesongen 2019 har ein prøvd å få til sosiale samankomstar, som ein viktig del av lagkjensla, samt etablering av relasjonar mellom nye og gamle spelarar. Unge og gamle.

Kurs ved Saften (24.04.19): Skadeførebuing, behandling av akutte skadar og opptrening etter skade, med Elise Thorsnes og Gunnvor Halmøy. Her deltok Silje S. Nedrehagen og Hildegunn Høgheim.

Det vart spelt mange solide kampar i løpet av sesongen 2019 og nokre kampar der det vart mange mål imot. Me tek med oss uavgjort kampen (vårsesongen) mot Sogndal (vann sesongen 2018). I tillegg var det stas å avslutte sesongen med ein knallgod kamp over Tornado Måløy. Resultatet vart 3-1. Det må seiast at det var ekstra kjekt å ha med seg (veteranen) Mette Stokkenes på laget, der ho også fekk seg ei scoring.

Fotballfest: Fredag 16.november var det fotballfest for alle som er involvert i Syril fotball + spelarane på seniorlaga. Utdeling av prisar:

- Årets spelar: Linda Strand
- Årets unge spelar: Oline Kleiven
- Årets toppscorar: Vilde Oppedal Jakobsen
- Årets spelar – spelarane sin spelar: Hildegunn Høgheim

Sesongen 2020: Det er meldt på eit 11-ar damelag, (3.divisjon – kvinner), mykje spennande i vente! ☺

Gutelaget G15/17 (11'ar lag)

Trenarar: Jan Tore Slinde(hovudtrenar), Joar Strand (med i haustsesongen) Andreas Rendedal Thue

Lagleiar: Ørjan Talle

Spelarar:

Daniel Flaten

Erlend Thorsnes Henanger

Hans Fosse Fidjestøl

Fredrik Skårhaug Talle

Thorbjørn Strømseng Opthun

Simen Ylvisåker von Porat

Alexander Slinde

Sindre Asperanden Navarsete

Leander Asperanden Hauge

Anton Tveito (frå Kaupanger, med i haustsesongen)

Espen Hickman (korsbåndskade i vår og ute resten av sesongen)

Mathias Bäckstøm Vikdal (med nokre få kampar i vårsesongen)

«Fast» frå smågutar:

Christian Eggum

Ole Stadheim

Andreas Haugen

Angelo Mijares

Andre som vore med nokre kampar:

Jarand Fardal (var med mange kampar-nesten fast)

Oskar Kleiven

Live Navarsete Holen

Rebekka Felde

Liljedal Vilde Jacobsen

Oline Kleiven

Stian Strong Skårhaug (med eit par kampar) Aksel Eggum (med eit par kampar i vår) Adrian Nornes (med eit par kampar i vår)

Vi hadde eitt lag i serien og me var avhengig av smågutespelarar for og ha nok spelarar. Det vart avklart før sesongstart at Christian Eggum, Andras Haugen, Angelo Mijares og Ole Stadheim skulle «spele fast» på gutelaget i tillegg til og bidra på smågutelaget.

I ein av dei tidlege kampar i vårsesongen vart Espen Hickman skada og ute resten av sesongen. Då stod me att med ein 02-modell. Så det vart eit ungt gutelag, men hovudtyngda av 04-modellar.

I tillegg var det fleire smågutespelarar, småjentespelarar og jente/damespelarar så fekk prøve seg i kamp.

Sportslege aktivitetar

Gutane starta opp med trening i mars og hadde trening to dagar i veka til byrjinga av november. Me starta opp med futsaltreningar i desember der alle 04-gutane er med.

Vi hadde følgjande treningstider ute:

Måndagar 17:30 – 19:00 Kunstgrasbana

Onsdagar 17:30 – 19:00 Kunstgrasbana

Kampdagar var onsdagar, og nokre torsdagar. Ved onsdagskamp vart det trening torsdagar. Dei fire «faste» smågutespelarane trener fast med gutelaget på måndagar.

Vi hadde eitt 11'ar lag påmeldt i serie og spelte totalt 14 kampar i sesongen, i tillegg vart det sett opp eit sluttspel det Syril møtte Bjørn og Sogndal 2 og Syril vart vinnar.

Resultat:

<u>10. april</u>	<u>Balestrand - Syril</u>	<u>4-0</u>
<u>25. april</u>	<u>Sogndal - Syril</u>	<u>1-6</u>
<u>8. mai</u>	<u>Lærdal/Aurland - Syril</u>	<u>7-2</u>
<u>16. mai</u>	<u>Sogndal 2 - Syril</u>	<u>4-4</u>
<u>22. mai</u>	<u>Syril - Bjørn</u>	<u>3-2</u>
<u>25. mai</u>	<u>Syril - Balestrand</u>	<u>0-3</u>
<u>30. mai</u>	<u>Vik - Syril</u>	<u>9-0</u>
<u>6. juni</u>	<u>Syril - Jotun</u>	<u>1-8</u>
<u>13. juni</u>	<u>Syril - Sogndal</u>	<u>7-1</u>
<u>21. august</u>	<u>Syril - Lærdal/Aurland</u>	<u>2-1</u>
<u>29. august</u>	<u>Syril - Sogndal 2</u>	<u>3-1</u>
<u>4. september</u>	<u>Bjørn - Syril</u>	<u>3-2</u>
<u>11. september</u>	<u>Syril - Vik</u>	<u>1-6</u>
<u>16. september</u>	<u>Jotun - Syril</u>	<u>5-0</u>

Sluttspel:

<u>26. september</u>	<u>Syril - Sogndal2</u>	<u>4-1</u>
<u>15. oktober</u>	<u>Bjørn - Syril</u>	<u>3-3</u>
<u>24. oktober</u>	<u>Sogndal 2 - Syril</u>	<u>2-9</u>
<u>7. november</u>	<u>Syril - Bjørn</u>	<u>7-1</u>

Oppsummering

Til tross for ein sesong med mange «nye» spelarar til dei fleste kampar og eit ungt gutelag, med hovudtyngda av 04-modellar som er førsteårs gutespelarar, resulterte dette i mange tunge kampar mot fysisk mykje større motstandar. Men tross dette jobba gutane godt og fekk til mykje av spelet så vart treninga på i treningskvardagen.

Det har vore ei fin og lærerik sesong for gutane, der ein ser dei fleste har teke store steg i rett retning. Resultatmessig har det vore opp og nedturar, noko me var klar over ved sesongstart.

Smågutar G13-14

Trenarar i år har vore: Steinar Eggum, Einar Johnsen og Joar Strand (vårsesongen)

Lagleiarar har vore: Christian Kleiven (05-kullet) og Stein Magne Os (06-kullet)

Desse spelarane har vore med på G1314 i år.

Adrian Nornes, Aksel Aaland Eggum, Andreas Bjørk Ertslund, Andreas Hagheim Barsnes, Andreas Haugen, Angelo Singdahlsen, Christian Docando Eggum, Daniel Borlaug (vårsesongen), Erlend Helset Fardal, Even Talle, Gard Christensen Stokkenes, Håvard Helset Fardal, Jarand Helset Fardal, Jim Thorsnes, Jonas Berge Jørgensen, Ole Stadheim, Oskar Flatabø Kleiven, Sigbjørn Njøs Eikeland, Sondre Farstad Skagen, Sondre Ramstad Os, Stian Strong Skårhaug, Tommy Kviberg, Tore Hamre Nornes og Trygve Flaten.

Sportslege aktivitetar

I vårsesongen var spelartroppen nytta til to rullerande lag beståande av både 05 og 06. Mellom 6 og 8 av 05'arane bidrog opp på gutelaget og 4 av dei spelte fast. Basert på resultata frå vårsesongen spelte Syril 1 i 1. div på hausten, og Syril 2 spelte 2. divisjon. Syril 1 vart då eit reint 05 lag, og Syril 2 eit reint 06 lag. Dette vart gjort for å få kontinuitet og samspel i laga. Haustsesongen var totalt sett bra, med tanke på utvikling på spelarane, både på trening og kampar, for begge laga. I haustsesongen har laga og fått god hjelp av både 07-gutar og 05-jenter.

Kampar vårsesong

Hjemmelag	Resultat	Bortelag
Sogndal G 1314 9 2	2 - 1	Syril G 1314 9 2
Syril G 1314 9 1	1 - 7	Sogndal G 1314 9 1
Balestrand G 1314 9	2 - 9	Syril G 1314 9 1
Syril G 1314 9 2	7 - 7	Lærdal G 1314 9
Syril G 1314 9 1	11 - 0	Jotun G 1314 9
Aurland G 1314 9	13 - 0	Syril G 1314 9 2
Kaupanger G 1314 9	7 - 0	Syril G 1314 9 2
Syril G 1314 9 1	14 - 3	Aurland G 1314 9
Vik G 1314 9	4 - 0	Syril G 1314 9 1
Syril G 1314 9 2	0 - 3	Sogndal G 1314 9 1
Balestrand G 1314 9	4 - 1	Syril G 1314 9 2
Syril G 1314 9 1	0 - 6	Sogndal G 1314 9 2
Lærdal G 1314 9	5 - 10	Syril G 1314 9 1
Syril G 1314 9 2	0 - 0	Jotun G 1314 9
Syril G 1314 9 1	3 - 1	Syril G 1314 9 2
Syril G 1314 9 2	2 - 6	Vik G 1314 9
Kaupanger G 1314 9	2 - 3	Syril G 1314 9 1

Tabell vårsesong

	Lag	S	P
1	Sogndal G 1314 9 1	9	27
2	Vik G 1314 9	9	24
3	Syril G 1314 9 1	9	18
4	Aurland G 1314 9	9	15
5	Kaupanger G 1314 9	9	14
6	Sogndal G 1314 9 2	9	12
7	Balestrand G 1314 9	9	10
8	Jotun G 1314 9	9	5
9	Lærdal G 1314 9	9	4
10	Syril G 1314 9 2	9	2

Kampar og tabell Syril G1314, 1.div. avd.1. haust 2019.

Hjemmelag	Resultat	Bortelag
Førde G 1314 9 1	1 - 4	Syril G 1314 9 1
Syril G 1314 9 1	4 - 3	Vik G 1314 9
Gaular G 1314 9	3 - 0	Syril G 1314 9 1
Syril G 1314 9 1	2 - 3	Sogndal G 1314 9 1
Syril G 1314 9 1	5 - 1	Førde G 1314 9 1
Vik G 1314 9	3 - 0	Syril G 1314 9 1
Syril G 1314 9 1	1 - 3	Gaular G 1314 9
Sogndal G 1314 9 1	2 - 1	Syril G 1314 9 1

	Lag	S	P
1	Vik G 1314 9	8	16
2	Gaular G 1314 9	8	16
3	Sogndal G 1314 9 1	8	15
4	Syril G 1314 9 1	8	9
5	Førde G 1314 9 1	8	3

Kampar og tabell Syril G1314, 2.div. avd.1. haust 2019.

Hjemmelag	Resultat	Bortelag
Syril G 1314 9 2	5 - 5	Lærdal G 1314 9
Jotun G 1314 9	2 - 6	Syril G 1314 9 2
Syril G 1314 9 2	4 - 0	Sogndal G 1314 9 2
Balestrand G 1314 9	7 - 2	Syril G 1314 9 2
Syril G 1314 9 2	2 - 8	Aurland G 1314 9
